



Klagenemnda for tilskudd  
til kulturarrangementer

---

**Avgjerd frå Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement 1. februar 2023**

**Sak:** 2022/1501  
**Klagar:** Magne Fremmerlid

**Klagenemndas samansetning:**

Nemndsleiar Tore Lunde, nemndsmedlemmane Elin Melberg og Morten Thuve

**1 Bakgrunn for saka**

- (1) Magne Fremmerlid (frå no av «klagar») søkte 26. april 2022 om kompensasjon som arrangør for tap i samband med avlysing av ei kyrkjekonserttrekkje saman med biskop emeritus og foredragshaldar Per Arne Dahl. Konserttrekkja var planlagt gjennomført i perioden 3. desember 2021 til 22. desember 2021. Klagar søkte om kompensasjon på kroner 913 500 etter forskrift av 8. mars 2022 nr. 345 om midlertidig kompensasjonsordning for avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer i perioden 1. november 2021 til 28. februar 2022 som følge av covid-19-utbruddet (frå no av «forskrifta»).
- (2) Klagar har i søknaden nytta budsjetterte inntekter for 2021, då verksemda ifølgje klagar ikkje hadde liknande arrangement i 2017, 2018 eller 2019, og har på dette grunnlaget oppgitt kroner 1 000 000 som «*resultat før skatt i sammenligningsperioden*». Lotteri- og stiftelsestilsynet informerte 8. juni 2022 klagar om at beløpet ikkje var korrekt, då det ikkje representerer ein samanliknbar periode. Tilsynet etterspurde difor informasjon om føretaket sitt gjennomsnittlege resultat i samanlikningsperioden i 2017-2019. Same dag sendte klagar over gjennomsnittstal for resultatrekneskapen for perioden desember i 2017, 2018 og 2019.
- (3) Lotteri- og stiftelsestilsynet fatta 22. juni 2022 vedtak om delvis tildeling av kompensasjon, og innvilga eit kompensasjonsbeløp på kroner 51 114. Grunngevinga for avkortinga var at det etter forskrifta § 11 tredje ledd bokstav a ikkje kan tildelast kompensasjon som førar til eit positivt ordinært resultat i kompensasjonsperioden som overstig gjennomsnittleg resultat i samanlikningsperioden. I klagar sitt tilfelle er dette kroner 48 114 i kompensasjon, samt kroner 3000 kroner til dekking av kostnader knytt til revisor eller autorisert regnskapsførar.
- (4) Klagar klaga på vedtaket om avkorting 13. juli 2022. Klagar har halde fram at avkortinga på bakgrunn av gjennomsnittleg resultat i åra 2017 til 2019 er feil, då verksemda i desse åra ikkje hadde samanliknbare arrangement ettersom verksemda berre fakturerte for solistoppdrag. Vidare er det vist til at det er sendt inn søknad basert på budsjett for

**Postadresse**  
Postboks 511 Sentrum  
5805 Bergen

**Besøksadresse**  
Zander Kaaes gate 7  
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

arrangementa, og at kompensasjonsbeløpet skulle vore rekna ut basert på dei faktisk tapte inntektene.

- (5) Klagar har vidare halde fram at verksemda fekk kompensasjon på kroner 454 000 for ein turné som vart avlyst i 2020. Klagar har også vist til at verksemda, i lys av at styresmaktene var tydelege og lova kompensasjon, også denne gongen skulle hatt høve til å dekkja honorar og anna naudsynt til musistarar og andre involverte. Klagar viste også til at noverande kulturminister lova ei betre ordning enn ordninga førre regjering hadde.
- (6) Endeleg er det vist til at verksemda laga eit svært realistisk budsjett i forhold til forventa publikumstal på konsertane, og at billettprisane også var på eit lågare nivå enn for dei meir kommersielle aktørane. Det tildelte beløpet er likevel så lite at det ikkje ein gong rommar utgifter til annonsering og kostnader knytt til planlegging av konsertane. Dermed vert det ingenting att til musistarar, involverte og til leige av kyrkjer.
- (7) Lotteri- og stiftelsestilsynet vurderte klaga, men har konkludert med at den ikkje ga grunnlag for å endre eller oppheve vedtaket, jf. lov om behandlingssaker datert 10. februar 1967 (forvaltningsloven) § 33. Klaga og dokumenta i saka vart sendt til Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement ved Lotteri- og stiftelsestilsynet si innstilling datert 25. oktober 2022.
- (8) Lotteri- og stiftelsestilsynet har i innstillinga vist til at søknadsbeløpet vart avkorta, fordi klagar ikkje oppfyller vilkåret om at kompensasjonsutbetaling ikkje kan føra til eit *«positivt ordinært resultat før skattekostnad for arrangøren i kompensasjonsperioden»*, jf. forskrifta jf. § 7 fyrste ledd og 11 tredje ledd bokstav a). Det er vist til at Lotteri- og stiftelsestilsynet har vurdert vilkåret ved å sjå til resultatsrekneskapen sendt inn av klagar for perioden. Kulturrådet har halde fast at kompensasjonsutbetalinga ikkje kan overstige kroner 48 114.
- (9) Vidare er det vist til at forskrifta er bygd opp på ein måte som gjer at etableringstidspunktet for føretaket er avgjerande for samanlikningsperiodar søkar skal nytta. Då klagar er registrert med eit enkeltpersonføretak som er registrert i einingsregisteret 13. mars 2004, skal klagar bruke tal frå desember 2017, desember 2018 og desember 2019 for utrekning av omsetning og resultat i samanlikningsperioden, jf. forskrifta § 7 fyrste ledd og 11 tredje ledd bokstav a). Då kompensasjonen ikkje kan gje eit positivt ordinært resultat i kompensasjonsperioden som overstig gjennomsnittleg resultat i samanlikningsperioden, kan ikkje klagar få meir enn kroner 48 114 i kompensasjon, jf. forskrifta § 11 tredje ledd bokstav a).
- (10) Til klagar sin kommentar om at det vert feil å sjå til klagar sin resultatrekneskap frå perioden då verksemda berre fakturerte for solooppdrag, har tilsynet vist til at enkeltpersonføretaket fram til 2020 berre omfatta Magne Fremmerlid si eiga songutøving. Det er difor Fremmerlid sine honorar som representerar inntektsgrunnlaget for samanlikningsperioden, og såleis grunnlaget for kompensasjonstaket, sjølv om verksemda vart utvida til å ha eigne konsertproduksjonar med innleidde aktørar, scene, medhjelparar i 2021/2022.
- (11) Endeleg har Lotteri- og stiftelsestilsynet vist til at nokre søkarar kjem i ein uheldig situasjon med dei kriteriana som er satt opp. Tilsynet sitt klare utgangspunkt er at når det er fastsett reglar knytt til kva for samanlikningsperiodar som skal nyttast, må den

regulerte perioden leggest til grunn. Det er òg vist til at kostnader knytt til inngått bindande avtalar med musikarar, konsertlokale og teknisk bistand, i stor grad er kostnader som må betalast sjølv om inntektene fell vekk.

- (12) Klagar har i brev datert 19. januar 2022 fått informasjon om saksgongen til Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement og frist til å kommentere innstillinga frå Kulturrådet eller gje andre merknadar.
- (13) Klagenemndssekretariatet sendte 19. januar 2023 e-post til klagar, der klagar vart beden om å oppklara om det var rett at «[r]esultat før skatt i Kompensasjonsperioden» var kroner 0, som fullt ut i søknadsskjema. Bakgrunnen for førespurnaden var at det er halde fram av klagar at tildelt beløp er så lite at det ikkje rommar diverse utgifter, men det er i søknad, samt revisorbekreftelse, vist til at verksemda ikkje hadde eit negativt resultat i perioden.
- (14) Klagar svara Klagenemndssekretariatet ved e-post 30. januar 2023. Vedlagt e-posten var stadfesting av verksemdas inntekt i desember 2021, signert av rekneskapsfører.
- (15) Det går fram av brevet at verksemda hadde eit underskot på kroner 3 164 i desember 2021. Rekneskapsfører har vist til at potensielle midlar frå kompensasjonsordninga eller andre støtte ordningar ikkje er medrekna i rekneskapet. Vidare at det ikkje er kostnadsført utgifter til underleverandørar.
- (16) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement behandla saka i nemndsmøte 30. januar 2023.

## 2 Det rettslege grunnlaget

- (17) Det rettslege grunnlaget er Forskrift om midlertidig kompensasjonsordning for avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer i perioden 1. november 2021 til 28. februar 2022 som følge av covid-19-utbruddet.

- (18) Det kjem fram av § 7 korleis omsetningsfall skal bereknast:

*«(1) Fallet i omsetning, jf. § 5 (1) bokstav b) og 6 (1) bokstav b), settes til den prosentvise differansen mellom omsetning i kompensasjonsperioden og gjennomsnittet av omsetning i samme periode i alle år mellom 2017–2019, eller i årene fra første år foretaket hadde omsetning dersom foretaket ble etablert etter 1. januar 2017.*

*(2) Foretak som er etablert etter 31. desember 2018 kan alternativt bruke gjennomsnittlig månedlig omsetning i kalendermånedene januar og februar 2020 som grunnlag for beregning av omsetningsfallet.*

*(3) For foretak som er etablert etter 1. januar 2020 og som ikke har relevant omsetning i kalendermånedene januar og februar 2020, skal fallet i omsetning settes til den prosentvise differansen mellom omsetning i kompensasjonsperioden og realistisk budsjettert omsetning i kompensasjonsperioden.*

*(4) Fall i omsetning som har eller kunne ha blitt dekket av foretakets forsikringsordning, ved å gjøre gjeldende avtaleklausuler mv., regnes ikke som omsetningsfall.»*

- (19) Det kjem fram av § 11 tredje ledd at følgende grenser gjelder for kompensasjon:

- a. «Kompensasjon, jf. § 10 , justert for eventuell avkortning etter dette kapitlet, kan ikke gi et positivt ordinært resultat før skattekostnad i foretaket i kompensasjonsperioden som overstiger foretakets gjennomsnittlige resultat i sammenligningsperioden, jf. § 7 (1), i 2017–2019. I slike tilfeller vil kompensasjonen bli avkortet, slik at resultatet i kompensasjonsperioden tilsvarer det gjennomsnittlige resultatet i sammenligningsperioden i 2017–2019.
- b. For foretak som har beregnet omsetningsfall etter § 7 (2) vil kompensasjonen bli avkortet slik at resultatet i kompensasjonsperioden tilsvarer det gjennomsnittlige resultatet i kalendermånedene januar og februar 2020
- c. For foretak som har beregnet omsetningsfall etter § 7 (3) kan kompensasjonen ikke gi et positivt ordinært resultat før skattekostnad for foretaket i kompensasjonsperioden.»

- (20) Av forvaltningslova § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider ved saka, og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, sakshandsaminga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det, og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling

### 3 Klagenemnda si vurdering

- (21) Klaga gjeld vedtak om avkortning av innvilga kompensasjonsbeløp i samband med avlysing av ei konserttrekkje i perioden 3. desember 2021 til 22. desember 2021.
- (22) Klagar har søkt om kompensasjon pålydande kroner 913 500. Lotteri- og stiftelsestilsynet har med grunnlag i klagar sitt ettersendte resultat for perioden 2017–2019 kome til at klagar hadde eit gjennomsnittleg resultat på kroner 48 114 i samanlikningsperioden, jf. forskrifta § 7 fyrste ledd og 11 tredje ledd bokstav a. Tilsynet avkorta dermed søknadsbeløpet til kroner 51 144, kroner 48 114 i kompensasjon for tapte inntekter og kroner 3000 kroner til dekking av kostnadar knytt til revisor eller autorisert regnskapsfører, då ei kompensasjonsutbetaling på kroner 913 500 ville ført til eit positivt ordinært resultat i kompensasjonsperioden som er større enn gjennomsnittleg resultat i samanlikningsperioden, jf. forskrifta § 11 tredje ledd bokstav a.
- (23) I klagebrev datert 13. juli 2022 har klagar halde fram at verksemda fekk kompensasjonsmidlar på kroner 454 000 for ein turné som vart avlyst i 2020. Vidare at det er sendt inn søknad basert på budsjett, og at kompensasjonsbeløpet skulle vore rekna ut basert på dei faktisk tapte inntektene.
- (24) Nemnda held fram at ein ved prøvinga må ta stilling til om klagar oppfyller vilkåra i gjeldande forskrift. Det må difor vurderast om Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde heimel i forskrifta til å avkorta kompensasjonsbeløpet.
- (25) Det følgjer av forskrifta § 11 tredje ledd at:

*«Kompensasjon, jf. § 10 , justert for eventuell avkortning etter dette kapitlet, kan ikke gi et positivt ordinært resultat før skattekostnad i foretaket i kompensasjonsperioden som overstiger foretakets gjennomsnittlige resultat i sammenligningsperioden, jf. § 7 (1), i 2017–2019. I slike tilfeller vil kompensasjonen bli avkortet, slik at resultatet i kompensasjonsperioden*

*tilsvare det gjennomsnittlige resultatet i sammenligningsperioden i 2017–2019.»*

- (26) Av e-post mottatt 8. juni 2022 går det fram at klagar hadde eit gjennomsnittleg resultat på kroner 48 114 i åra 2017 til 2019. Lotteri- og stiftelsestilsynet har lagt til grunn klagar sine innsendte tal for samanlikningsperioden.
- (27) Det går fram av søknaden, samt revisorbekreftelse, at «[r]esultat før skatt i kompensasjonsperioden» var kroner 0. Kompensasjonssummen som blir tildelt klagar vil såleis gi klagar «et positivt ordinært resultat før skattekostnad i foretaket i kompensasjonsperioden», jf. forskrifta § 11 tredje ledd.
- (28) Forskrifta § 11 tredje ledd seier at «[r]esultat før skatt i kompensasjonsperioden» ikkje kan overstiga det «gjennomsnittlige resultat [foretaket hadde] i sammenligningsperioden, jf. § 7 (1), i 2017–2019».
- (29) Når det gjennomsnittlege resultatet utgjer kroner 48 114, vil klagar få eit resultat som overstig det gjennomsnittlege resultatet i samanlikningsperioden ved utbetaling av søkt kompensasjonsbeløp på kroner 913 500, jf. forskrifta § 11 tredje ledd. Som følgje av dette har nemnda kome til at kompensasjonen skal bli avkorta til kroner 48 114, jf. forskrifta § 7 fyrste ledd og 11 tredje ledd bokstav a.
- (30) Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde heimel i forskrifta til å avkorta kompensasjonsbeløpet.
- (31) Nemnda viser til at det går fram av e-post frå klagar datert 30. januar 2023 at klagar hadde eit reelt underskot på kroner 3 163 i kompensasjonsperioden. «Resultat før skatt i kompensasjonsperioden» var følgjeleg kroner – 3 163.
- (32) Klagenemnda viser til at forvaltningslova § 34 fastset at klageinstansen kan prøve alle sider av saka, og sjå til nye opplysningar. Dette medfører at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølve treffa nytt vedtak i saka, eller oppheva vedtaket og senda saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.
- (33) Som følgje av nye opplysningar i e-post datert 30. januar 2023 har nemnda kome til at kompensasjonen skal bli avkorta med kroner 3 163 mindre, då til kroner 51 277, jf. forskrifta § 7 fyrste ledd og 11 tredje ledd bokstav a.
- (34) Klagar har på bakgrunn av ettersendt dokumentasjon rett på kroner 51 277 i kompensasjon, samt kroner 3000 kroner til dekking av kostnadar knytt til revisor eller autorisert rekneskapsfører.

#### **4 Vedtak**

- (35) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement treff etter dette følgande vedtak:
- (36) **Klaga vert teken til følgje.**
- (37) **Klagar tildelast kompensasjon pålydande kroner 54 277.**
- (38) **Beløpet skal bli utbetalt av staten v/Lotteri- og stiftelsestilsynet til klagars bankkonto, kontonummer 1208 40 77192.**

Vedtaket er endeleg og kan ikkje bli klaga på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Vedtaket er samrøystes.

Etter forvaltningslova § 36 kan klagar krevje vesentlege sakskostnadar dekkja, i tilfelle dei var naudsynte for å få endra vedtaket. Eit eventuelt krav om dekking av sakskostnadar må rettast til Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement.

Bergen, 31. januar 2023

Tore Lunde  
Nemndsleder

Elin Melberg  
Nemndsmedlem

Morten Thuve  
Nemndsmedlem

*Dokumentet er godkjent elektronisk*